

Ordensreglar for Leirvik Gjestehamn

Ordensreglane skal sikre ein felles forståing av den standard og orden som er ønska og som gjeld all ferdsel i gjestehamna uansett type fartøy. Reglane skal òg ivareta anlegga, slik at det ikkje vert unødvendig slitasje på brygger og utstyr, samt at gjestene og andre ikkje vert utsett for unødvendig støy.

a. Generelle retningslinjer

Alle som oppheld seg i hamneområdet pliktar å følge hamnestellet sine tilvisingar. Brudd på reglementet kan føra til bortvising.

Det skal være nattero fra kl. 23.00. Musikk frå båtane, uansett tid, skal ikkje vera så høg at det kan sjenera andre.

Båtar fortøydd i gjestehamna skal vera ”bebudd”.

Næringsverksemd og båt-reparasjonar er ikkje tillate utan særskild løyve frå hamnestellet.

b. Betaling

Alle båtar som ligger i gjestehamna skal betala leige. Båtførar/eigar er ansvarleg for at leige blir betalt og at billetten blir påsatt godt synleg og lesbart i vindauga eller på fortøyingstau.

Hamneleiga skal betalast i kortautomat eller ved bruk av app «GoMarina».

Ubetalt leige vert belasta med dobbel leigesum, samt administrasjonstillegg per på begynte døgn.

c. Fortøying

Alle båteigarar må sjølv syta for at fortøyingar og fending er tilpassa vêrforhold. Gjestehamna er ikkje ansvarleg for skade som skyldast vind eller bølger.

Hærverk, tjuveri og liknande er forutsatt ivaretatt av båteigar og båteigar si forsikring.

Båteigar må sjå til at straumkablar, tauverk og vass-slangar ikkje er til hinder for ferdsel på bryggene.

Slepejoller skal fortøyast bak på båten og sikrast slik at desse ikkje sperrer naboplass.

d. Avfall

Det er satt ut hyttecontainer for restavfall samt behaldar for brennbart avfall/eingongsgrill.

e. Elektriske skøyteleidningar

Elektriske skøyteleidningar skal vera av ein type som er lovleg brukt utandørs. For båtar som er tilkopla straum på sjøen, skal jordfeilbrytar vere installert i båten.

f. Bruk av fasilitetar i gjestehamna

Bruk av straum, vatn og servicebygg i gjestehamnene er inkludert i hamneleiga.

g. Spesielle retningslinjer

Open ild og grilling er ikkje tillatt på brygger eller i båt som er fortøydd til bryggjeanlegget.

Båtar som er fortøydd i strid med forskrifta kan fjernast for eigars rekning og risiko.

All ferdsel på bryggene skjer på eige ansvar.

Påbod eller anvisninger gitt av ansvarlig for gjestehamna skal følgast.